

Stord, 05.03.2024

Til: Klima- og miljødepartementet

Innspel til styringssignal for Enova

Me takkar for moglegheita til å gi innspel til styringssignal for Enova. Maritime CleanTech er ei verdsleiande innovasjonsklynge for grøen maritim omstilling. Våre om lag 150 partnerbedrifter representerer heile den grøne verdikjeda, frå drivstoffprodusentar og teknologileverandørar til skipseigarar. Mange av desse er brukarar av Enova sine tilbod og har viktige erfaringar om korleis verkemiddelapparatet kan utviklast for å bidra best mogleg til grøen maritim omstilling.

Grøen maritim næring er viktig for utsleppskutt og berekraftig verdiskaping

DNV sine siste omstillingsbarometer viser at omstillingstrykket i norsk skipsfart har gått frå lågt til svært lågt. Det er difor stort behov for forsterka og treffsikre verkemiddel som kan redusera omstillingsrisikoen i maritim industri skapa fortgang i utrullinga av utsleppsreducerande teknologi og grøne energiberarar til skipsfarten.

Dei maritime næringane representerer stor verdiskaping langs kysten, og har eit stort fotavtrykk internasjonalt. Grøne løysingar som blir utvikla her, har eit stort eksportpotensial når skipsfarten globalt skal omstillast i tråd med EU og IMO sine klimaplanar. Enova bør fungera som eit verktøy for å stimulera den rivande teknologiske utviklinga som skjer i norsk maritim næring, slik at omstilling og utsleppskutt som er teknologisk mogleg, faktisk kan realiserast og skalerast.

For maritim næring er det sentralt at Enova utnyttar det handlingsrommet som finst innanfor EØS-avtalen for å støtta grøen omstilling. Så langt som mogleg må støtteprogram premiera prosjekt som styrkar norsk verdiskaping og bidrar til omstilling og kompetansebygging i næringslivet, for eksempel prosjekt som involverer norske verft og teknologileverandørar.

Marknadsdialog og god kommunikasjon er avgjerande for å lukkast

Det er avgjerande for bedriftene at Enova har nær dialog med marknadsaktørane i utviklinga av støtteprogram. Me oppmuntrar til å bruka fungerande klyngesamarbeid som arena for slik dialog. Då kan me saman sikra at Enova sine utlysingar fungerer for dei som skal levera søknader, og at ein får fram gode prosjekt som kan realiserast.

Mange næringsaktørar opplever at utlysingstekstar kan vera krevjande utforma, ofte med mange vedlegg og mykje informasjon som kan vera vanskeleg å orientera seg i. Det er vesentleg at Enova bruker klarspråk, gir god rettleiing til potensielle søkjarar, og er tydeleg på ambisjon og målgruppe for ulike utlysingar.

For å motverka usikkerheit er også vesentleg at Enova gir god dokumentasjon og grunngeving når program blir endra eller avvikla.

Næringa etterspør føreseielege og ubyråkratiske ordningar

Aktørane i næringa er opptatt av at verkemiddelapparatet skal vera smidige og på tilbodssida i møte med industrien og den kommersielle røyndomen dei står i. Mange etterlyser ubyråkratiske ordningar med løpande søknadsfristar og søknadsbehandling, som er meir i tråd med korleis verksemdene opererer. Dette er særleg viktig i møte med dei mange små og mellomstore bedriftene i næringa.

Det siste året har Enova utvikla program med bruk av anbodskonkurranse (“competitive bidding”). Det er positivt at anbodskonkurranse opnar for større støttegrad innanfor EØS-regelverket. Samstundes er det mange i næringa som opplever denne ordninga som kompliserande og uføreseieleg, og at reglane forvanskar god dialog. Det er viktig at ordninga blir grundig evaluert i dialog med næringa og at både positive og negative sider kjem fram.

Det er også viktig for næringa at ulike støtteprogram og ulike delar av verkemiddelapparatet blir sett i samanheng. Me er positive til utviklinga av større overgripande program som Grøn platform og Pilot-E, som involverer aktørar i verdikjedeutvikling på tvers av industri, forskning og innovasjon og legg til rette for bruk av eksisterande testinfrastruktur. Dette må framleis vera viktige fokusområde.

Behov for støtte til utrulling av teknologi for raske utsleppskutt

Mange aktørar i næringa opplever at Enova trekkjer seg ut for tidleg i utviklingsløp for nye teknologiar, og reagerer på at ein legg ned fungerande støtteprogram med grunngjeving om at ein teknologi er mogen. Det er viktig å understreka at sjølv om ein teknologi er tilgjengeleg på marknaden, betyr ikkje det at marknaden er sjølvgåande. For å utløysa store og raske nok utsleppskutt til å nå klimamåla trengst det støtteprogram retta mot utrulling av grønne løysingar som finst på marknaden, men som enno ikkje er konkurransedyktige.

Me ser fram til vidare dialog om utvikling av Enova og framleis samarbeid for grøn maritim omstilling.

Håvard Tvedte

direktør for kommunikasjon og samfunnskontakt, Maritime CleanTech